

## **KJÆRE KULTUR-PILGRIMAR!**

**Representantar for 2008, Rennesøy kommune, kunstnarar knytt til prosjektet Horisontar og fragmenter – og ikkje minst – tre generasjonar familien Bru, som har stilt garden, hus, netter, dagar, bakarovnar og kaffimaskinar til disposisjon! Gratulerer med dagen og med prosjektet.**

**Det gir meg stor glede å få vera den som så å seia erklærer dette opne landskapet for opna, vel vitande om at Vårherre, kunstnargruppa og gardbrukarane har gjort grunnarbeidet. Vi står no i det som blir kalla for ”Skjoldet”. Det hentar namnet sitt frå eit dikt som kom til meg for akkurat 20 år sidan, og som lyder slik:**

**Dette er mi øy  
Tørt gras, vind og skyer  
Skamkjensle og bølgeskum  
Og otte for sterke lydar.  
Ikkje ta mi øy  
Eg reiser øya på ende  
Som eit skjold mot maktene  
Her levde eg  
Fang meg ikkje i otte  
Tving meg ikkje til våpen for mi øy  
Var tørt gras og vind og skyer  
Og otte for sterke lydar**

**Det finst ein tanke i dette diktet som eg deler med den kunstnargruppa som har skapt Horisonter og fragmenter: at den øya vi står på, avgrensa av blå sjø på alle sider, den er eit lite kosmos, ein liten klode, eit bilde på den blå kloden som sigler gjennom kosmos. Det karakteristiske for øya er at den er sårbar, slik øyane i det indiske hav, Bali, og isen i Arktis er sårbar, og det er det same havet som omgir oss alle.**

**Legg ein øyra til vind og fuglesong, til lammebræk og bølgyesus, så ser ein fort at alt er del av ein skjør balanse. Ein klode, ei øy, eit reir – det er sårbart, slik alt liv er sårbart. Det å gå kulturstien, er å øva opp øyra og auga for dette sårbare, det som møter oss i eit avgjerande NÅ, i eit usikra ENNÅ.**

**Korleis skal vi forsvare oss mot alt som trugar denne skjøre balansen? Vårt beste vern er kanskje å forstå vår sårbarhet, og satsa på at andre kjenner den igjen og respekterer den. Vårt beste vern er det som toler minst, det barn som spelar musikk, det er tonar som kling i landskapet, det er små lam som spring i bakkane, det er den lyse grønfargen i graset om våren. Skjoldet er menneske og natur som kjenner sårbarhet, og viser den, som er avhengig av tillit, og som viser det.**

**Dette ligg så opp i dagen i dette opne, ubeskytta landskapet, at vi ikkje alltid ser det. Vi som kjenner landskapet frå før, får lov til å låna kunstnarane sitt blikk på det, slik dei har lånt landskapet vi kjenner så godt. Så ser vi det begge betre: korleis dei les fram det sårbare og utsette i dette lyse landskapet.**

**Ei øy er ein liten klode, ein klode er som ei øy. Skal vi verna dei, må vi sjå dei. Skal vi sjå dei, må vi kanskje snu på dei , reisa øya på ende, kjenna kloden i handa.**

**Eg har fått gleder av å leggja den siste brikka på plass; eg legg kloden, som vi vil forsvare, på plass innerst i skjoldet, eg legg eit stort auga vi kan sjå med og gjennom, på plass øvst, så vi kan sjå klart og dømma rett, og ser vi gjennom den, snur vi øya på ende.**

**Det er det næraste eg har vore å halda heile verda i mi hand; men faktisk held vi i ein viss forstand verda i våre hender.**

**Og med dette erklærer eg kulturstien og prosjektet ”Horisonter og fragmenter” for opna.**